


Retningslinjer

Forskottering av spelemidler til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet



Innhold

1. Føremål og heimelsgrunnlag	3
2. Vilkår og krav	3
3. Søknadsprosess	3
4. Utbetaling av godkjent forskotteringssum.....	4
5. Tilbakebetaling	4
6. Godkjenning av retningslinjer	4

Retningslinjer for forskottering av spelemidler til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Stad kommune

1. Føremål og heimelsgrunnlag

Vestland fylkeskommune forvaltar og fordeler spelemidler, som kjem av overskotet til Norsk Tipping og er administrert av Kulturdepartementet. Midlane skal nyttast til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet i Vestland fylke. Stad kommune gjer kvart år vedtak om prioritering av innkomne spelemiddelsøknadar.

Stad kommune har i kommunestyresak 22/109 vedteke at det skal vere mogleg å søkje om å få forskottert spelemidler, som så blir tilbakebetalt til kommunen når prosjektet får tildelt spelemidler.

Ordninga om forskottering av spelemidler til anlegg for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet skal vere hjelp til lag/organisasjon som står i kø for å få tildelt spelemidler til idrettsanlegg frå fylkeskommunen. Ordninga skal gjere det mogleg for lag/organisasjon til å starte og fullføre sitt prosjekt/tiltak med ein gang søknaden er godkjent/formelt i orden av fylkeskommunen.

2. Vilkår og krav

- Forskottering av spelemidler krev godkjent spelemiddelsøknad av Vestland fylkeskommune. Det er berre dei som har ein godkjent (formelt i orden) søknad om spelemidler som kan søke og få innvilga søknad om forskottering av spelemidler.
- Godkjent søknad om forskottering får ut 75% av søknadsbeløp ved start og resterande 25% når prosjektet/tiltaket er ferdig og rekneskapen er godkjent av kommunerevisor. Sum forskottering per søknad skal ikkje overstige kr 1,0 million kroner.
- Det er grense på 1 søknad per organisasjon. Unntak: Anlegg som er gjensidig avhengig av kvarandre for å kunne fullførast, må sjåast på under eitt. Eks 1: Felles aktivitetsflate av gummidekke på nærmiljøanlegg.
- Sum utbetalt forskottering skal tilbakebetalast med rente tilsvarande kommunen si innskotsrente i bank, pluss 0,5%. Dette blir utrekna gjennomsnittleg for forskotteringsperioden. Rentene skal betalast årleg etter årsavslutning.
- Alle som får innvilga forskottering, inngår ei eiga avtale med kommunen der dei pliktar å fornye søknadar kvart år fram til dei får tildeling av spelemidler. Eventuelle andre forplikingar frå begge partar vil inngå i avtalen.
- Dersom prosjektet mottar tilskot frå kommunen gjennom andre tilskotsordningar, vert det forskotterte beløpet for spelemidler redusert tilsvarande.
- Prioritering av forskottering:
Vi nyttar Stad kommune si prioriteringsliste av spelemiddelsøknadane for det aktuelle søknadsåret. Ved eit eventuelt behov for å prioritere mellom nærmiljøanlegg og ordinære anlegg, vil dette skje ut i frå ei skjønsmessig vurdering av søknadane.

3. Søknadsprosess

Informasjon om søknadsfrist blir informert direkte via brev/e-post til dei som har fått godkjent søknad (formelt i orden) av fylkeskommune, i tillegg til at informasjon ligg på nettsida til Stad kommune.

Søknad om å få forskottert spelemidler må sendast inn via elektronisk søknadsskjema på Stad kommune sine heimesider.

Vedlegg som må følgje søknaden:

- Brev frå fylkeskommunen om at søknad er formelt i orden.
- Styrevedtak på at det skal søkast om forskottering av spelemidler og kven som skal sende denne i på vegne av laget/organisasjonen
- Siste årsrekneskap i laget/organisasjonen
- Oppdatert framdriftsplan på anlegget/prosjektet
- Budsjett på anlegget/prosjektet

4. Utbetaling av godkjent forskotteringssum

Innvilga forskottering blir utbetalt etter skriftleg oppmoding, framlegging av dokumentasjon på at arbeidet er starta og avtale mellom kommunen og søker er signert.

Innvilga forskotteringssum blir utbetalt til kontonummer oppgitt i elektronisk søknadsskjema.

5. Tilbakebetaling

Når prosjektet/tiltaket er ferdig, skal rekneskapen sendast inn og godkjennast av kommunerevisor jf. Kap.5 i «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet».

Dette må skje snarast og innan 2 månadar etter anlegget er ferdig.

Revisorgodkjent rekneskap skal sendast frå Stad kommune til Vestland fylkeskommune saman med anmodning om utbetaling av tildelte spelemidler. Har anlegget ikkje fått tildeling skal revisorgodkjent rekneskap leggest inn i søknaden om spelemidler.

Utbetalinga frå fylkeskommunen skal gå til Stad kommune og ikkje søker av spelemidler. Dette for å rekne ut evt. overskot/underskot som skal betalast frå kommunen til søker eller til kommunen frå søker.

6. Godkjenning av retningslinjer

Retningslinjer er godkjent av Stad kommunestyre i sak KS 22/109 dato 15.09.22